



## Den Norske kyrkje - Vik Kyrkjeleg fellesråd

### Ledig stilling som Kyrkjeverje/ dagleg leiar

Vik kommune, med sine 2550 innbyggjarar ligg på sørsida av Sognefjorden med nærleik til fjell og fjord. I Vik kommune er det fem sokn med kvar si kyrkje; Fresvik, Feios, Vangsnes, Vik og Arnafjord. Sokna inngår i Sogn prosti og Bjørgvin bispedømme. Vik kyrkjeleg fellesråd har forvaltningsansvar for alle kyrkjene. Fellesrådet er gravplassmyndigheit i Vik kommune og har ansvar for sju gravplassar.

Vik kyrkjeleg fellesråd har ledig 100 % stilling som kyrkjeverje/ dagleg leiar frå 1. august 2025. Noverande kyrkjeverje går over i anna stilling ved kontoret, difor vert stillinga ledig. I fellesrådet er det elles fast tilsett organist, kyrkjetenar og stilling som kyrkjelydsarbeidar; til saman 3,35 % stillingar. Ved kyrkjene i Vik er det tilsett (ein) sokneprest i full stilling og ved Vik fengsel prest i 50 % stilling. Kyrjekontoret held til i kommunehuset, og me opplever eit godt samarbeid med Vik kommune.

Fellesrådet ynskjer ny kyrkjeverje velkomen inn i eit fleksibelt og godt arbeidsmiljø.

#### Arbeidsoppgåver

Kyrkjeverja er dagleg leiar for fellesrådet si verksemd. Dagleg leiar har ansvar for saksførebuing og iverksetjing av tiltak vedteke av fellesrådet. Det er vedteke planar for reoperasjon av tre kyrkjetak i kommunen. Dette og andre vedlikehaldsprosjekt og utviklingsprosjekt vert viktige oppgåver som kyrkjeverja må prioritere framover. Hovudoppgåvene til stillinga vil vera innanfor følgjande felt:

- Personalansvar for dei tilsette i fellesrådet
- Budsjett og økonomistyring
- Drift, vedlikehald og nye investeringar knytt til kyrkjene og gravplassane.
- Forvaltning som gravplassmyndigheit
- I samarbeid med sokneråda leia og utvikla det strategiske arbeidet kyrkja lokalt skal driva med.
- Representera kyrkja i møte med andre kyrkjelege organ, lokalpolitikarar, kommunal administrasjon, media og andre.
- Sjå til godt samarbeid med sokneråd, fellesråd og prestetenesta.

- Informasjonsarbeid

### **Kvalifikasjonar**

- Relevant universitets-/høgskuleutdanning
- God skriftleg og munnleg framstillingsevne med norsk språk
- Erfaring frå arbeid i Den norske kyrkja og/eller offentleg forvaltning.
- Engasjement og kjennskap til Den norske kyrkja.

### **Personlege eigenskapar**

- Evne til å arbeida sjølvstendig
- Evne til å utvikle samarbeid og å motivere for lagarbeid.
- Løysingsorientert

Personleg eignaheit vil verta vektlagt.

Søklar må vera medlem i Den norske kyrkja. Administrasjonsspråk er nynorsk.

### **Vi tilbyr**

- Ei mangfaldig, meiningsfull og sjølvstendig stilling i eit raust arbeidsmiljø
- Lønn etter avtale
- Pensjonsordning i Klp

### **Kontaktinformasjon**

For spørsmål om stillinga, kontakt:

Marit J. Andersen

Kyrkjeverje

[Marit.johanne.andersen@vik.kommune.no](mailto:Marit.johanne.andersen@vik.kommune.no)

Tlf 906 86 2 27

Søknadsfrist 21.april 2024